

TOKKE KOMMUNE

KOMMUNESTYRET SITT

VEDTAK TIL


HANLINGSPROGRAM OG BUDSJETT

2018

ØKONOMIPLAN

2018-2021





Kap	Innhaldsliste	side
	Innleiing frå rådmannen	3
1	Om dokumentet	5
2	Handlingsprogram 2018 -2021	5
3	Budsjett 2018, økonomiplan 2018– 2021 - Investeringsbudsjettet	7
4	Planområde 1 og 6	8
5	Planområde 2	11
6	Planområde 3	18
7	Planområde 4	26
8	Kommunale avgifter og brukarbetaling	34
9	Fond og gjeld	35
10	Budsjettvedtak	35
11	Vedlegg	37



Innleiing

Budsjettarbeidet for 2018 har teke utgangspunkt i årsmeldinga og resultatrekneskapen frå 2016, samt kommunestyrets vedtak om budsjettet for 2017 og økonomiplan for 2017-20, gjort i desember 2016 og juni 2017. Det er også teke omsyn til budsjettarbeidet som er utført i dei enkelte etatane og kyrkja, samt føringane i tertialrapportane.

Framlegg og føringar frå staten gjevne gjennom statsbudsjettet er og teke inn i arbeidet. Det er gjennomført eit budsjettørftingsmøte 10.05.2017 med kommunestyret, gruppeleiarar, hovudutvalsleiarar, rådmannen, etatssjefar, stabssjefar, kyrkjeverje, hovudtillitsvalde og hovudverneombod, for å få fram problemstillingar og føringar for det endelege framlegget frå rådmannen.

Tokke kommune hadde eit svært godt netto driftsresultat i 2016, men har hatt problem med dette i åra før. Kommunestyret vedtok tiltak for å betre inntektssida og kutte på utgiftssida også for 2017, og rådmannen og leiargruppa har fylgd opp dei vedtekne innsparingstiltaka. Mange av dei konkrete tiltaka er gjennomført, medan andre har vore vanskelegare å få til, til dømes reduksjon i stillingar, dette fordi me ikkje har ynskt å seie opp tilsette, men vurdere stillingar ved naturleg avgang. Oppgåvene må då vurderast, og gjennom omprioriteringar kan me eventuelt frigjere stillingar eller stillingsprosentar. Me ser ikkje no at det blir aktuelt med oppseiingar av tilsette.

Det er gjennom innsparingsprosessane redusera på sjukeheimspllassar. På hausten er me på ynskt nivå og me ser også etterkvart at me sparar pengar. Full effekt av reduksjonen i talet på senger ved sjukeheimen får me ikkje før i 2018. Me bør no ha drift over litt tid med dette nivået for å sjå konsekvensane. Truleg bør me skaffe fleire omsorgs- og eldrebustader som er godt tilrettelagt, for å møte utfordringane knytt til fleire eldre innbyggjarar.

Skulane og barnehagane har også vore gjennom store strukturendringar. Dette har gjeve nødvendige innsparinger for kommuneøkonomien, men er sårt og vondt for dei som misser det lokale tilbodet. Me er framleis sårbar for å halde fram med tilbod enkelte stader då talet på born er svært nær grensa for om det er forsvarleg å drive. Det er også eit innsparingspotensiale å samle dette enno meir, men me ser av dei politiske signala at dette truleg ikkje er tema med dagens elevtal.

Inntektssida til kommunen har endra seg me god del dei seinare år. Prognosane for konsesjonskraft visar ein nedgang, men den visar seg å ikkje bli like stor som me fyrst frykta. Kapitaliseringsrenta har vore unormalt høg og me har arbeidd hardt for å få endra denne, men regjeringa har vore lite villig til å sjå på denne. I samband med regjeringsas forslag til endra skattlegging av eigedom og endringar i skattlegging av kraftliner og overføringsnett, kan me kome til å få eit inntektstap på inntil kr 4 millionar i 2018. Dette medfører at me framleis må sjå etter stader å spare pengar og eventuelt stader å hente meir inntekter.

Det ser ut til at inntektssida kan ta seg noko opp vidare i økonomiplanperioden. Det er fordi rammeoverføringane frå staten vil gå monaleg opp dersom andre inntekter held seg på dagens nivå.

I desember 2016 vedtok kommunestyret å fastsetje resultatkravet for netto driftsresultat i 2018 til 0,5%. På sikt er det vedtekne målet på 3,0 % driftsresultat. Rådmannens endelege budsjettframlegg legg opp til eit netto driftsresultat på 0,6%. Det er eit lågt resultat, men me ser at 2018 truleg vil vere eit år på botnen av kurva og at det vidare ser betre ut i økonomiplanperioden.

Tokke kommune har eit stort etterslep på vedlikehald og oppgraderingar på bygg, maskinar og utstyr. Det er no mannskap på plass til å ta tak i ein del av dei utfordringane som ligg føre og det er viktig at me har noko midlar til å setje i verk tiltak for å spare pengar på sikt. Eit døme er evt. bygging av omsorgsbustader der me kan tilrettelegge for at folk får hjelp i heimen. Eit anna døme er ENØK-tiltak, som kommunen også har fått tilsagn om støtte til. Investeringar i driftsforbetrande tiltak er eit uttalt ynskje frå rådmannen.

For å klare resultatkrav og prøve å skaffe oss me buffer for framtidige behov, må me stadig sjå etter moglege inntekter eller redusera utgifter. Rådmannen har lagt fram eit oversyn over tiltak som må utgreiast i året som kjem.

Tokke kommune er i ein overgang der me har hatt gode rammer, men som me no ser må me rekne med mindre økonomisk handlingsrom i åra som kjem. Det er viktig å være klar over at det ikkje er nokon sjølvsgått samanheng mellom stor pengebruk og gode resultat. Ofte er det heller ikkje talet på tilsette som er avgjerande, men om dei som er har rett kompetanse. I 2017 har me tilsett fleire gode fagfolk, som saman med dei som allereie arbeider i kommunen gjer ein god innsats for Tokke kommune.

Kommunal sektor er, som også mange andre, inne i ein digital omstilling. Det skjer svært mykje via moderne teknologi, som kan forenkle og endre korleis tenestene blir framover. Dette vil truleg også ha ei positiv oppside for kommuneøkonomien på sikt. Innbyggjarane vil klare seg betre og lengre sjølve i eigen heim. Det er viktig at kommunen er med på utviklinga og at me har eit godt samarbeid med nabokommunar og andre for å fylgje med på utviklinga.

Tokke kommune er inne i fleire samarbeidsprosjekt med nabokommunane og nokon av desse krev ekstra ressursar i alle fall i ein overgangsperiode. Legevaktordninga og Psykologteneste medfører nokon auka driftskostnader, men det vil styrke tilbodet til innbyggjarane våre.

Me er også inne i planlegging om samarbeid kring konsesjonskraft, innkjøp, IT-drift og digitalisering. Desse områda må me rigge oss godt til å handtere frametter. Det kan vere at me også her må legge litt pengar i potten før me får gevinstar.

Sentrale signal tyder på at tanken om meir sentralisering og samanslåing av kommunar bare vert sterkare. Det skal vere likt tilbod til alle innbyggjarar i heile landet og krav til tenestene skal vere det same. Det er viktig å møte dette på dei områda der me ser me kan ha nytte av samarbeid og der me som einsleg liten kommune kjem til kort i høve å ha kompetanse på alle fagområde. Tokke kommune er i dialog med nabokommunane om fleire samarbeidsområde der me ser for oss å ha nytte av å stå saman. Det gjeld mellom anna innkaup, digitalisering og ikkje minst konsesjonskraft. Rådmannen meiner at me må samarbeide for å møte dei krav og utfordringar som ligg til slike fagområde. Det vil difor vere viktig å ha gode arenaer framover, der me har god dialog særleg med Vest-Telemark kommunane og Tinn/Hjartdal.

Rådmannen ser at det er viktig å vere med på utviklinga som skjer og fokusere på korleis tenestene skal vere framover. Det handlar om innhald og nivå. Det er sjølvsgått samanheng mellom kor god kommuneøkonomien er og tenestenivået, men me må sjå kva som er mogleg å få til med dei midlar me har. Leiariane må fortsatt ha fokus på endringsleiing og organisasjonsutvikling, og fortsatt arbeide med utvikling og effektivisering av tenestane, auka bruk av ny teknologi, utgiftsreduksjon, organisering og kompetanseutvikling.

Tenestetilbod til innbyggjarane i Tokke skal vere best mogleg ut frå dei ressursane me til ein kvar tid har til rådvelde.

John Kleiv

Rådmann

1 Om dokumentet

Budsjettdokumentet i Tokke er ein fireårig økonomiplan/handlingsprogram (HP) inkludert årsbudsjettet for komande år. Dokumentet er sett saman av budsjettal i økonomiplantabellane (vedlegg i HP) og eit handlingsprogram som formulerar overordna mål og satingsområde, og konkrete mål og tiltak som skal gjennomførast innanfor dei økonomiske rammene. Dette blir det gjennom året rapportert på i tertialrapportar. Etter kommunestyret si endelege handsaming blir dokumentet omarbeidd i tråd med endringar som blir vedtekne.

Tokke kommune nyttar ein enkel form for målstyring der det enkelte planområde skal gje seg nokre få, målbare mål for neste budsjettår som seinare skal kunna rapporterast på i tertialrapportane og årsmeldinga.

Rådmannens budsjettframlegg blir fremja i oktober, og politisk handsama i politiske utval fram til endeleg vedtak i kommunestyret i desember. Etter budsjettvedtaket blir Handlingsprogrammet endra slik at det samsvarar med vedtaket.

For at dei folkevalde skal ha eit godt grunnlag for å gjere prioriteringar, inneheld rådmannens framlegg fleire delar:

- framlegg til økonomiplan og handlingsprogram for økonomiplanperioden (4 år) (vedlegg 1)
- med tilhøyrande talbudsjett med rammer for kvart planområde/etat (tabell 1)
- framlegg til investeringsplan (tabell 2)
- oversyn over tiltak som rådmannen har tilrådd å opprette eller spare inn, med etatssjefens merknad til konsekvensar (tabell 3) slik at det politiske arbeidet med prioriteringar av ulike tiltak skal vere lettare å gjennomføre.

2 Handlingsprogram 2018 -2021

OVERORDNA MÅL

I kommuneplanens samfunnsdel er det satt opp denne visjonen for Tokke kommune:

«Kompetanse, kraft og kultur»

Hovudmåla for Tokke kommune er definert slik:

- Tokke kommune skal vere ein open, trygg og attraktiv stad i Vest - Telemark for busetjing og næringsetablering.
- Kraft, kompetanse, kultur, landbruk og natur er grunnlaget for vekst og utvikling av Tokke.
- Tokke kommune skal vere ein inkluderande kommune med universell utforming, ein god tenesteleverandør og truverdig forvaltningsmynde.

Desse hovudmåla gjer føringar for retning for fem fokusområde:

- samfunn
- organisasjon/medarbeidar
- økonomi
- brukarar
- interkommunalt samarbeid

2.1. Samfunn

- ◀ Tokke kommunes livsgrunnlag er næringsliv, landbruk og busetnad, og kommunen skal i samarbeid med aktørane leggje til rette for ein aktiv næringspolitikk, ei styrking av landbruksretten og ein målretta bustadpolitikk.
- ◀ Tokke kommune skal leggje til rette for å ta imot flyktningar etter dei måla kommunestyret hev sett.
- ◀ Tokke kommune skal synleggjere dei moglegitetene kommunen har innan reiseliv og utvikle Dalen sine kvalitetar som byliknande sentrum i regionen.

2.2 Organisasjon/medarbeidar

- ◀ Tokke kommune satsar på å auke kompetansen til dei tilsette.
- ◀ Tokke kommune skal vera ein organisasjon prega av endringsvilje og utvikling.
- ◀ Tokke kommune skal ha fokus på arbeidsnærvær i alle etatar og ha moderat møteverksemde.

2.3. Økonomi

- ◀ Tokke kommune har som langsiktig mål å ha eit årleg netto driftsresultat på 3,0%.
- ◀ Tokke kommune siktar mot eit disposisjonsfond på 7-10% av driftsinntektene.
- ◀ Dei kommunale avgiftene skal over ein periode på 4 år liggje slik at dei gjev full dekningsgrad i høve til utgiftene.

2.4. Brukarar

- ◀ Tokke kommune nyttar sin faglege kompetanse til å gje rett teneste til rett tid og i rett omfang.
- ◀ Tokke kommune skal legge til rette for tidleg innsats i høve til barn og unge.
- ◀ Tokke kommune skal ha ei omsorgsteneste prega av kompetanse og ny teknologi.

2.5. Interkommunalt samarbeid

◀Tokke kommune deltek aktivt i nye interkommunale samarbeidstiltak på dei område dette er tenleg.

3 Budsjett 2018, økonomiplan 2018 – 2021

3.0 Budsjettarbeidet og den økonomiske situasjonen i Tokke kommune

Som kraftkommune har Tokke tidlegare vore i ei god økonomisk stilling i høve til dei fleste andre kommunar, men utgifts- og inntektsutviklinga dei seinare år har gjort at kommunen har mått gjera store grep for å få økonomien i balanse. Inntektsutviklinga endrar seg nesten frå halvår til halvår og gjer budsjettarbeidet særskilt utfordrande. Løns- og pensjonsutgiftene tek store delar av budsjettet. Frie disposisjonsfond (ekskl. særavtalefonda) er rekna til om lag 13 mill. kr ved utgangen av 2017, men burde vore minst 17 mill. eller helst 25 mill. (7-10% av driftsinntektene).

Nedgang i folketal og endringar i samansetjinga av befolkninga fører til mindre skatteinntekter og rammetilskot frå staten. Styresmaktene reknar såleis med at Tokke skal kunne drivast med mindre utgifter enn det me gjer i dag. Kommunen har såleis ikkje noko anna val enn å halde fram med arbeidet med å redusere utgiftsnivået og bygge opp ein større buffer.

3.1 Tekniske føresetnader

Dette framlegg til budsjett for 2018 byggjer på økonomiplanen frå i fjar, naudsynte konsekvensar av endringar gjennom 2017 samt statsbudsjettet for 2018.

Vidare inneholder budsjettframlegget rådmannen sine prioriteringar av utviklingstiltak.

Alle opplysningar er oppdaterte så langt råd er, og blir justert etter endeleg vedtak. Føresetnaden er ein rekneskap for 2017 med overskot eller i balanse. Nedanfor er det gjeve eit oversyn over dei viktigaste tekniske føresetnadene som er gjort .

- Utgiftsauken frå 2017 til 2018, ofte kalla deflatoren, er sett til 1,5% i 2018 både når det gjeld løner og andre driftsutgifter. Statsbudsjettet opererer med 2,3%.
- Pensjonspremien for KLP-medlemmar er sett til 18% i 2018. Pensjonspremie på 10,70 % for lærarar i Statens Pensjonskasse - SPK.
- Arbeidsgjevaravgift på 10,6 % - uendra.
- Pristaket for straumprisen blir sett til 36 øre ekskl. nettleige og alle avgifter i 2018.
- Ei renteutvikling innafor dei fleste ekspertane sine prognosar. Ei stabil, låg rente – men dette er sjølv sagt usikkert på lengre sikt. Låneopptak er utrekna med 2,0% rente.
- Det er rekna med utbyte frå VTK AS med kr 1,9 mill., som budsjett i 2017.

3.2 Det generelle inntektsgrunnlaget

Skatteinngangen i Tokke auka med 2,5% frå 2015 til 2016 og budsjettet auke i 2017 er bare 0,3%, lågare enn dei statlege føringane. I 2018 er også budsjettet med ein auke på 3,6% til kr 78,7 mill., dette i samsvar med Telemarksforsking sine utrekningar i samband med rammetilskotet. Venteleg blir skatteinntektene i 2017 noko større enn budsjettet. Rammetilskot og skatteinntekter, dei såkalla frie disponible inntektene er budsjettet til 144,2 mill. kr i 2018, kr 2,9 mill. meir enn opphavleg

budsjett 2017. Som fylgje av nedgangen i straumprisane dei siste åra går inntektene frå konsesjonskraftsalet ned - og egedomsskatteinntektene frå kraftverk går mykje ned i 2018. Inntektene frå egedomsskatt er usikre i åra framover etter framlegg i statsbudsjettet for 2018 om nye egedomsskattereglar.

Finansutgifter – renter og avdrag - er budsjettert til 9,8 mill. i 2018 og vil halde seg om lag på dette nivået i ØP. Rentenivået er framleis svært lågt og vil venteleg halde seg lågt i lang tid. Styringsrente frå Noregs Bank er på bare 0,50%. Det er rekna **2,0% lånerente** i ØP, som i gjeldande ØP, men dette er usikkert og kan såleis vera ein risiko, eller gjeldsfelle, på lengre sikt. Ei dobling av renta til 4% vil utgjera om lag kr 3,5 mill.

3.3 Investeringsbudsjettet - Handlingsprogram investering 2018-2021

Tokke kommune har i gjeldande ØP vedteke ei rekke investeringar i perioden 2018-2020.

Kommunestyret må nå ta stilling til om det skal gjennomførast nye store investeringar, prioritering av investeringane, og om desse skal dekkjast gjennom auke i lånepoptak, av overskot i drifta eller av fondsmidlar. Investeringsplanen må tilpassast dette.

Den tilrådde investeringsplanen inneholder finansiering med nye lånepoptak i tillegg til bruk av fondsmidlar, noko som krev litt meir kapitalutgifter i driftsbudsjettet frå 2018.

Investeringsplanen inneholder prosjektnummer på investeringsprosjekta og kolonne for ansvarleg planområde/tilvisar. Den inneholder også revidert budsjett for 2017. Alle investeringsprosjekt som er sett opp i 2018 er prioritert. Prioriteringa er sett i parentes etter teksten i første kolonne. Prioritet (1) er prosjekt som er i gong som må fullførast eller vidareførast i 2018. Prioritet (2) er dei rådmannen meiner må prioriterast først i 2018, prioritet (3) dei som bør prioriterast i 2018 og prioritet (4) dei som kan prioriterast, men som og kan utsetjast til 2019.

Syner elles til tabell 2 og nærmere under kvart planområde.

4. PLANOMRÅDE 1 OG 6 – SENTRALADMINISTRASJONEN OG FELLES

4.1. Økonomi

- Planområde 1 har ei nettoramme for 2018 på kr 27 754 000.
- Planområde 6 er fellesinntektene til kommunen, som rammetilskot frå staten, konsesjonskraftsal, konsesjonsavgifter, skattar, egedomsskatt frå verk og bruk, utbyte og renter.
- Fellesinntektene blir fordelt ut og utgjer nettoramma til kvart planområde.

4.2. Arbeidsområde og funksjon, årsverk og stillinger

- Planområde 1 har 12,9 årsverk fordela på 14 fast tilsette personar i sentraladministrasjonen. I tillegg er det 7,77 årsverk fordala på 14 personar som har verv eller anna tilsettjingsforhold, dette gjeld ordførar, varaordførar, tilsette i NAV (kommunal del), lærlingar på etatane, frikaup hovudtillitsvalde/tillitsvalde og hovudverneombod.

- Rådmannen er øvste leiar for administrasjonen, alle planområde.
- Ordførar er øvste leiar for kommunen, og er leiar for rådmannen på vegne av kommunestyret.

Politisk struktur:

Den politiske strukturen er bygd opp slik at mange kan delta i politisk arbeid. Det er nok slik at saks mengda til utvala, særleg for oppvekst/kultur og helse/omsorg, er lita og difor er det naturleg for rådmannen å sjå om det er mogleg å samle desse i eit utval. Det medfører at dei som sit i utvalet får fleire og kanskje meir interessante saker å diskutere. Det kan vere saker på tvers av fagområda og det kan gjeva ein økonomisk innsparing for kommunen.

Det er også naturleg å sjå nærmare på fordeling av ansvarsområda til dei ulike utvala.

Drifta av dei politiske organa kostar ca. Kr. 2,0 mill i 2016, ein nedgang frå kr 2,7 mill. i 2015.

Godtgjering til ordførar og varaordførar er då rekna med. I 2017 ser tala ut til å gå ytterlegare ned.

Unnataket er kontrollutvalet som auka 9,3% frå 2016 til 2017 og som også legg opp til ein auke på 6% i 2018.

Hovudsak til reduksjonane er redusera møtefrekvens og redusera kursing. Det er klårt at politisk verksemnd kostar pengar og ein har spara inn ein god del, likevel meiner rådmannen det er rett å vurdere om den politiske strukturen er rett. Rådmannen lagar eiga sak om dette i andre halvår 2017.

4.3. Utfordringar

Planområde 1 sine utfordringar:

- Økonomisk resultat og økonomistyring
- Organisasjonsutvikling, leiaropplæring og -utvikling
- Utvikling og finansiering av nye teknologiske løysingar

Lærlingar

Hovudutvalet for kompetanse i Telemark fylkeskommune har tidlegare i 2017 oppmoda kommunane om å ta inn fleire lærlingar. KS har som mål at kvar kommune har 1 lærling per 1000 innbyggjarar. Målet er å auke talet i 2018 til 2 per 1000 innbyggjarar. Tokke kommune har per i dag 4 læreplasser.

Tal elevar som søker læreplass varierer frå år til år. I 2017 fekk Tokke kommune 7 søkerar (4 frå Tokke og 3 frå andre kommunar) men det har òg vore år med svært få eller ingen søkerar.

Det tek ca. 2 år før ein lærling å fullføre læretida. Ved eventuell brot i læretida, for eksempel på grunn av sjukdom, blir tida utvida.

I Tokke vert alle fire lærlingar ferdige med læretida i 2019. Dette gjer at kommunen ikkje har ledige plassar i 2018. Eventuelle søkerar må vente til 2019. Det er gjort framlegg om ein ekstra lærlingepllass i 2018.

NAV

- Aktivitetsplikt for mottakarar av økonomisk sosialhjelp blir nå innført. Det er og trond for kommunale tiltaksplassar
- Tiltaka i bustadsosialhandlingsplan skal vidareførast.

- Nav Tokke skal bidra til at brukarane vert moderne og vel sjølvbetjeningsløysingane på www.nav.no som fyrsteval.

Arbeidsløysa i kommunen har gått ned og er pr. 300917 1,2 %. Det er veldig god arbeidsmarknad nå og det ventar vi vil halde fram i 2018. Sjukefråværet i kommunen og spesielt i nokre etatar i Tokke kommune er høgt og det har auka det siste året. Busetting av flyktingar betyr og fleire brukarar av navtenester, i fyrste omgang økonomisk sosialhjelp. Ei viktig og prioritera oppgåve i 2018 er å få våre nye innbyggjarar i arbeid.

I mai 2016 kom det ei stortingsmelding som skisserar store endringar for nav i framtida.

Statsbudsjettet for 2018 legg opp til 0,5% reduksjon av ramma til drift av nav + effektivitetsgevinst i samband med innføring av digitale tenester. Dette vil føre til reduksjon i stillingar til nav. Drifta av Nav Tokke bygger på ein fordelingsnykel etter tal stillingar.

Den kommunale delen av nav har ifylgje samarbeidsavtala mellom stat og kommune ansvar for:

- Klientbasert økonomi (økonomisk sosialhjelp – i dette naudhjelp og sosiale lån)
- Informasjon om tildeling av bustad, bustøtte, startlån og utbetingstilskot
- Formidle - og hjelpe til med bustad etter lov om sosialtenester i arbeids og velferdsetaten
- Gjeldsrådgjeving
- Rettleiing i økonomi
- Forvalte ordninga med friplass i barnehage
- Taka aktivt del i basisgrupper, nettverksgrupper og samarbeidsmøte
- Individuelle samtaler
- Utarbeiding av individuell plan
- Fylgjekort for funksjonshemma, parkeringsprov og TT-kort

Kyrkjeleg Fellesråd

Kyrkja er ein sjølvstendig organisasjon, høyrer til under planområde 1 på grunn av kommunale overføringer til Fellesrådet. Kyrkjeverja sitt budsjettnotat med utfordringar, mellom anna behov for å styrke stillingsressursane i kyrkja, vedlikehaldsbehov og investeringsbehov ligg som vedlegg til budsjettsaka.

Det er lagt inn prisauke på 1,5% på overføringa til Fellesrådet, som då utgjer kr 3,6 mill. Fellesrådet har meddelt ein trøng for auka ressurs for kyrkjeverje med 20%. Dette er på grunn av stor arbeidsmengde og då vert stillinga 100%. Trøngen for auka ressurs må Fellesrådet finne rom for innanfor eiga ramme.

Vedlikehalds- og investeringsbehov er ikkje teke inn i rådmannens budsjettframlegg utover ein auke av dagens investeringsbudsjett med 100 000. Denne auken er støtte til universell utforming av inngangspartiet ved Lårdal kyrkje.

I vedlegget frå kyrkjeverja er det sett opp kostnader og fordeling på vedlikehald og investering for ulike tiltak. Det bør gjerast ei prioritering av desse slik at ein kan gradvis legge inn noko av desse utgiftene, særleg i investeringsbudsjett.

4.4. Mål i handlingsprogramperioden

Handlingsprogram - Planområde 1 og felles – Sentraladministrasjonen		
Mål nr.	Utfordring og tiltak	Mål
4.4. 1.	Interkommunalt samarbeid om felles IKT-drift Tokke, Vinje og Kviteseid har starta eit kartleggingsarbeid med mål å få etablert eit samarbeid om felles drift.	Eit samarbeid om felles drift blir arbeidd vidare med, mål om iverksetjing i 2018.
4.4. 2.	Fysisk aktivitet Følgje med å vidareføre nyt trimtiltak, trimkort for alle tilsette i Tokke kommune.	Motivere til meir fysisk aktivitet for å auke både fysisk og psykisk helse blant tilsette.
4.4. 3.	Kompetanse om økonomi Forvaltningsrevisjonsrapport om økonomistyring påpeikar m.a. tilstrekkeleg kompetanse innan budsjettering og budsjettstyring. Kommunen skal sørge for at det blir arrangert kurs til alle i leiinga.	Meir kompetanse og tryggleik når det gjeld budsjettering og økonomistyring. Medvitne om kva økonomiansvar inneber.
4.4. 4.	KS Læring Utvikle fleire interne kurs for Tokke kommune, m.a. HMS-kurs for leiarar og verneombod, leiaropplæring for leiargruppa og kurs i e-phorte for alle sakshandsamarar.	Lettare og meir økonomisk måte å auke kompetansen på.

5 Planområde 2 Oppvekst, kultur og idrett

5.1 Økonomi

- Planområde 2 har ei nettoramme for 2018 på kr 72 744 000.

I handlingsprogrammet og budsjettet for 2017 – syner at kommunen nyttar omlag kr 1 100,- pr innbyggjar til faste utbetalinger innan området:

Diverse utbetalinger; kulturmiddlar, «prisar», Lårdal ungdomshus mm

Tilskot til private grendehus

Tilskot til idrettsanlegg

Tilskot til Vest-Telemark museum (kr 1 325 104 i 2017)

Dette er med på å vise at utgiftene til kultur er bundne opp av vedtak. Samla utgjer dette i overkant av 2,3 mill.

Beløp pr. innbyggjar på nokre område er omlag slik:

- kulturskule (inkl. arrangement kulturhus, DKS mm), omlag kr 1 500,- pr. innbyggjar
- bibliotek, omlag kr 680,- pr. innbyggjar
- ungdomsarbeid, omlag kr 400,- pr. innbyggjar

Tokke kommune ligg høgt på utgifter til kultur pr. innbyggjar. Nokre av utgiftene er vist over, ytterlegare kjem drift av kulturhus og avskriving av kulturbygga.

Arbeidsområde og funksjon, årsverk og stillingar

Årsverk i planområde 2 pr 01.10.16:	86,95
<u>Årsverk i planområde 2 pr. 01.10.17:</u>	<u>92,61</u>
<u>Auke</u>	<u>5,66</u>

Endringa skuldast:

Kulturfeltet	5,25
Integreringsarbeid/opplæring	1,6
<u>Innsparing i budsjettet, 2017</u>	<u>- 1</u>
Endring	+5,85

**) Ved start av kvart barnehage- og skuleår har me ein gjennomgang av trøng for bemanning (her under fordeling av ressursane), det er pt. noko ressurs som ikkje er brukt – ca. 20%. Men det kan fort endre seg; at det blir trøng for ekstra ressursar.*

Dvs. Bemanning etter bemanningsplan: er 92,61 årsverk, men det er ei disponibel ramme på 0,2 årsverk (Etaten har etter vedtak ei ramme på 92,81 årsverk)

- Oppvekstsjefen er øvste leiar for administrasjonen
- Hovudutval for oppvekst handsamar saker innafor området

5.2 Utfordringar

Planområde 2 sine utfordringar:

Personalsituasjon:

Etaten har frå 01.08.16 til d.d. fått eit svært utvida arbeidsfelt. Oppvekstetaten har fått ansvar for integreringsarbeidet (som fram til 01.08.16 var hjå helse- og omsorgsetaten), vaksenopplæringa var er direkte underlagt etatssjef (som også er rektor i VO – lovkrav) og frå 01.01.17 fekk etaten ansvar for kulturfeltet. Samstundes sparte ein inn 60% stilling. Administrasjonen på etatsnivå er pressa og t.d. svar på førespurnadar må strengt prioriterast etter det ein vurderer som viktigast til ein kvar tid. I barnehagen byrjar ein no å få god dekning på barnehagelærerar i dei faste stillingane, men det er vanskeleg å skaffe kvalifisert personell ved vikariat. I inneverande barnehageår, har oppvekst- og kultursjefen ikkje trengt å gje dispensasjon frå utdanningskravet etter barnehagelova.

Barnehagane har fått reduksjon i ressursane med 3,15 årsverk (derav 1,2 årsverk på Byrte) i tidsrommet 2015/2016 til d.d. Sjølv med færre born, vil dette vere noko dei tilsette merkar og det kan medføre ein «følt» meirbelastning.

Dei siste åra har me hatt stor søknad på stillingane i Tokkeskulen, noko me er svært nøgde med. Ved årets tilsetjing så-hadde alle lærerane som blei tilsett, yrkesfaring. Fleire som søkte til Tokke sa at dei hadde hørt mykje positivt om satsinga på skule og fokuset på utviklingsarbeid i kommunen. I tysk har me strevd å få kvalifisert personell på begge skulane. Ein klarer ikkje fult ut å stette lovkrav til kompetanse i undervisning i basisfaga, det vil vere viktig at ein har pedagogisk personale på opplæring gjennom den statlege «spleiseordninga».

Bibliotek:

Tokke bibliotek ligg godt over snittet for opningstid vs personalressursar. Det betyr at det er mange kjerneoppgåver me ikkje har tilstrekkeleg tid til å gjere, etterslep på samlingsforvaltning, lite aktiv formidling. Rolle som skulebibliotek (grunnskule og vgs) vert ikkje tilfredsstilande fylt i dag. Me ynskjer meir samarbeid med lag/foreiningar, utvikle språk- kafé, tiltak for eldre og unge og å utvikle filialen i Høydalsmo.

For å frigje tid til andre aktivitetar på biblioteket, vil det vere viktig å få innført «meirope» bibliotek.

Barnehage, skule og kulturskule:

- Nye utdanningskrav i grunnskulen (basisfaga) – me har pt. ikkje nok fagkompetanse til å tilfredsstille nye utdanningskrav. Det vil vere trong for at fleire lærerar nyttar seg av statlege ordningar med vidareutdanning
- Utviklingsplan for barnehagen
- Utviklingsmål for barnehage og skule

5.3 Flyktningtenesta:

Syner til eige notat.

5.4 Mål i handlingsprogramperioden

Handlingsprogram - Planområde 2		
Mål nr.	Utfordring og tiltak	Mål
5.4.1.	«Vurdering for læring»/klasseleiing	Vidareføre fokus på området inn i 2018.
5.4.2.	«Aktiv og synleg kulturskule» Tokke kulturskule skal bli ein viktig ressurs og kompetancesenter for kultur.	Organisere vår verksemd i tråd med den nye rammeplanen for Norske kulturskule – samarbeid i regionen med utarbeiding lokale læreplanar.
		Sikre og styrke eit godt samarbeid mellom kulturskule og heim. Opprette eit samarbeidsutval for kulturskulen.
		Tilby fleire korte kurs, for å ha eit variert tilbod.
5.4.3.	Kompetanseheving	<i>Barnehagen:</i> Kompetanseheving med fokus på det pedagogiske tilbodet, særskilt inn mot to område – oppfølging i forhold til flyktningborn og innføring av ny rammeplan.
		<i>Skulen:</i> sikre naudsynt kompetanse i basisfaga, som stettar lovkrav. Det vil vidare vere naudsynt å bygge opp større kompetanse i forhold til undervisning av framandspråklege. Det er varsla ny rammeplanar, det vil òg kunne medføre auka kompetansebehov.
		<i>Vaksenopplæring:</i> kompetanse på undervisning ovanfor flyktningane
5.4.4.	Frivillighetssentral	Fullføre arbeidet med etablering, mål om å starte opp arbeidet i 2019.
5.4.5	Ny rammeplan i barnehage	Arbeidet med implementering

Støtte til Vinje-senteret:

Kort frå søknaden:



Ikon for Vinje-senteret med V-en i signaturen til A.O. Vinje. Formgivar: Per Finne

Vinje-senteret for dikting og journalistikk skal vere det rause museet som gir publikum meir enn dei ventar og meir enn dei betaler for. Senteret skal dokumentere saksfelt ingen andre museum dekkjer: perspektiv på romanar og noveller i diktinga, forteljingar om journalistikk på måtar som ingen har gjort før.

Med blikk for det lokale skal Vinje-senteret bli eit nasjonalt dokumentasjons- og formidlingssenter på internasjonalt nivå om dikting og journalistikk. Grunnlaget er nynorsk skriftkultur, og Vinje-senteret skal arbeide med dikting og journalistikk på både nynorsk og bokmål.

Senteret blir lokalisert til Vinje skule/Vinjar samfunnshus og vil skape fire arbeidsplassar. Sentret vil vere det einaste språkmuseet i Norden og er ei avdeling av Nynorsk kulturmuseum.

Det vil koste omlag 24 mill. i byggekostander å byggje Vinje-senteret og ved full drift er det årlege driftsbudsjettet på 6 mill. Finansieringa må skje ved «klassisk norsk spleiselas» som Vinje kommune skriv i søknaden.

Ein søker ikkje om konkret beløp, men ein ber kommunane vurdere eit tilskot i samband med budsjettahandsaminga for 2018.

Rådmannen synast det er positivt at Vinje kommune har sett i gang etablering av Vinje-sentret, for blant anna ta vare på den viktige kulturarven som dialektar er. At sentret blir etablert i nærområdet er svært positivt.

Tokke kommune har allereie store faste utgifter på kulturområdet, det er gjort greie for dette seinare i dokumentet. For at senteret både kan etablerast og vidareføre drifta, er ein avhengig av årleg støtte/bidrag. Å gå inn med støtte til etableringa/investeringa vil det slik rådmannen ser det, vere implisitt at ein òg ynskjer å bidra med årleg støtte til drifta.

Både ut frå at ein allereie no har store faste driftstilskot i kultur og kommunens totale økonomiske situasjon, vil det vere vanskeleg frå rådmannens side å tilrå nye utgifter på område som ikkje er lovpålagt og der ein allereie forholdsvis etter innbyggjartal har store kostnader.

Frivilligsentral:

Formannskapet vedtok i sak om etablering av frivilligsentral at ein skulle ha frivillige lag og organisasjonar eller verksemder som skulle vere på «eigarsida» av sentralen.

Arbeidsgruppa har hatt fleire møter og det har vore dialog med fleire organisasjonar. Innan fristen for å få tildelt midlar for 2018 (1. juni 2017), var det ingen organisasjonar/lag/verksemder som var viljug å gå inn på eigarsida. Av den grunn var det ikkje mogeleg å søkje om statlege midlar til drift av frivilligsentral i 2018.

Det lukkast i august/september å få to organisasjonar til å vere med på eigarsida av sentralen. Ut frå tidsperspektivet vil det fyrst vere aktuelt å innarbeide kommunens del i budsjettet for 2019, om kommunestyret ikkje ynskjer å finansiere den statlege delen òg i 2018. I dag er det ikkje frivilligsentral i fire av fylkets kommunar.

Kulturskulen:

Me har hatt oppstart av nye kurs innan dans, musikk frå livets byrjing og sølvsmedarbeid i 2017. Det er flott å ha eit samarbeid med lokalt næringsliv om kurs. Kulturskulen har dermed fått eit breiare tilbod innan same budsjettramme. Det er viktig å kunne tilby noko anna enn berre musikk. Ein har no tilbod i to av kulturskulens tre disiplinar. Ein vil prøve å få til kurs i 2018, der ein blant anna får tilbod innan kreativ skriving. Dette manglar i dag.

Kulturhuset:

Det har vore mange flotte arrangement på kulturhuset, men det er til tider lite frammøte. Ein vil jobbe for å få til arrangement som kommunen står som arrangør av, omlag ei gong pr. mnd ca. 8 pr. år. I tillegg er det andre som tilbyr arrangement på kulturhuset.

Idrettshallen:

Styrketreningsrommet er lite tilpassa bruken og utstyret er slitt ned. Me ynskjer å jobbe med ein plan om opprusting av styrketreningsrommet, som seinare kan generere auka bruk.

Barnehage:

Ny rammeplan for barnehagen kom i 2017. Rammeplanen stiller større krav til det innhaldet og pedagogiske arbeidet i barnehagen. Arbeidet med å implementere rammeplanen i den daglege drifta vil vere viktig i 2018.

Det er i desse dagar ute høyring rundt strengare krav til pedagognorm i barnehagen, gjeldande frå 01.08.18. Lønnsutgiftene vil da bli høgare, men det er teke høgde for dette allereie i Statsbudsjettet for 2017. For Tokke sin del utgjer det 79 000, i tillegg er det kome nokre midlar tiltenkt tideleg innsats i barnehagen. Vidare ligg det inne midlar for å betra samarbeid ved overgang frå barnehage til skule. Administrasjonsutvalet vedtok i sak 17/9 å gjere om assistent/fagarbeidarstillingar til barnehagelærarstillingar for dei som fullfører den desentraliserte utdanninga som kommunen har bidrige med støtte til. Ein vil med denne omgjeringa få noko auka lønnsutgifter. Samstundes er kommunen rusta til å møte eventuelle nye krav frå 01.08.18 og kostnadane er allereie innarbeida i lønnsbudsjettet for 2018.

Slik Regjeringa skriv under, er det allereie teke høgde i rammeoverføringa for desse auka utgiftene.

6.2 Skjerpet krav til pedagogisk bemanning

Gjennom budsjettforliket for statsbudsjettet for 2017 ble det bevilget 172,2 mill. kroner til flere barnehagelærere.

Barnehagene finansieres i all hovedsak gjennom kommunerammen. For å sikre en enhetlig finansiering, foreslo regjeringen i revidert nasjonalbudsjett for 2017 at det øremerkede tilskuddet til flere barnehagelærere allerede i 2017 overføres til rammetilskuddet til kommunene for å dekke den kommende skjerpingen av pedagog-normen. De økte overføringene til rammetilskuddet legger til rette for at kravene i forskrift om pedagogisk bemanning kan skjerpes slik som foreslått i dette høringsnotatet.

Skule:


Frå sentralt hald er det kome øyremerkt tilskot for å styrke tideleg innsats i skulen. Desse midlane må me rapportere at er brukt til føremålet og om det har medført styrka bemanning. Ein må òg rapportere om det har medført ein reell auke i bemanning.

Beløpet er for 2018 ein auke på 47 000,- i frie inntekter for å kunne auke bemanning for dei lågaste elevtrinna. Det utgjer ei 5-6 % stilling – i tillegg er det 60% som har kome i tidlegare Statsbudsjett som er vidareført. I 2018 er 65% stilling som er styrkt gjennom auka rammoverføring i Statsbudsjettet for 2018.

Det er varsle ny fagplanar i faga, som vil kome fortløpende. Det vil bli mykje arbeid med å implementere nye rammeplanar i dei ulike faga.

Nøkkeltal for utvikling i skulen:

Indikator og nøkkeltall	2012-13	2013-14	2014-15	2015-16	2016-17
Talet på elevar	271	268	252	255	254
Årsverk for undervisningspersonale	40,0	38,2	33,5	31,4	31,5
Andel undervisning gitt av undervisningspersonale med godkjent utdanning	91,9	92,1	92,8	95,1	96,0



Konklusjon rundt grunnskulen i kommunen :

Ein har hatt svært god utvikling i faglege prestasjoner, noko som syner at dei tiltak ein har sett i gang har hatt god effekt. Ein god indikasjon på dette er utviklinga i grunnskolepoeng og andelen på mestringsnivå 1 og 2 er redusert. Vidare er delen elevar med spesialpedagogisk tiltak redusert frå 14,6 i 2010 til no på ein prosent mellom 5-6%. Det er gjort ein svært god jobb blant personale på skulane og ein kan seia at ein har lukkast med tilpassa opplæring.

Vidare er det viktig at ein held fram med å ha fokus på klasseleiing og vurdering for læring (gode tilbakemeldingar til elevane) i det pedagogiske utviklingsarbeidet også for kommande år. Forsking syner til at dette er to viktig faktorar, som har svært stor effekt på læringsutbytte til elevane.

Årsverk for undervisningspersonale er redusert frå 2012-2013 med omlag 8,5 årsverk. Reduksjonen er ytterlegare i skuleåret 2017/2018, Jf. budsjettvedtak for 2018.

5.5 Investering:

«MEIROPE» - bibliotek:

Bakgrunn:

- Gjere kulturhuset og biblioteket meir tilgjengeleg for innbyggjarane. «Den beste enkeltinvestering per krone per innbygger vi noen gang har gjort» – rådmannen i Sarpsborg
- Tokke bibliotek ligg godt over snittet for opningstid vs personalressursar. Det betyr at det er mange kjerneoppgåver me ikkje har tilstrekkeleg tid til å gjere. Det kan løysast med «meirope bibliotek».

Kva ligg i løysinga?

- Alarmmerking/alarmportal (RFID)
- Stasjon for sjølvbetening (utlånsautomat)
- Overvakingskamera(er)
- Inngangskontroll, innlogging med lånekort
- PC/programvare som styrer løysinga

Toalettforhold ved Tokke skule:

Toalettforholda på Tokke skule er ikkje tilfredstillande, det er for få toalett for gutane ved hovudinngang og for liten kapasitet ved SFO.

Ved hovedinngang er det 8 toalett for jenter, men bare 3 toalett gutter.

Ved SFO er det berre ein handikapptoalett til 45 born. Sjølv om det er ein nedgang i elevtalet, vil eit toalett ikkje vere tilfredsstillande.

Skulekjøkken ved Høydalsmo skule og Tokke skule, formingsrom på Tokke skule:

Ovanfornemnde undervisningsrom er nedslitt og treng ei opprusting.

«Stillerom» på biblioteket:

I dag er det to rom som er tenkt for å drive eige arbeid ol. Utforminga på desse to romma har ei slik utforming at dei ikkje er lydisolert, snarare er arkitekturen slik at ein får ei forsterking av lyden i desse romma.

Ein har mangel på plass for kulturskulen, som gjer at møterommet blir nytta til undervisning. Noko som gjer det vanskeleg for andre å leige møterom på kulturhuset. Det er uheldig for å kunne auke aktiviteten på kulturhuset. Ved ein kunne nytte eit av desse romma til noko musikkundervisning, så får ein frigjort møterommet.

6. Planområde 3 Helse- og omsorgsetaten

6.1. Økonomi

Planområde 3 har ei nettoramme for 2018 på kr 72 012 000.

Det er vedtatt og gjennomført store reduksjonar i institusjon og heimetenestane fleire tilfelle dei siste åra. 2017 er det redusert med 7 sjukeheimslassar, stillingar på Høydalsmo alderspensjonat og stillingar i heimetenesta. Endringane i heimetenesta var gjennomført tidlig i år, men reduksjonen av sjukeheimslassar tok noko lenger tid enn planlagt. Dermed tok det og lenger tid før reduksjon i lønnsutgifter for institusjon var gjennomført. På grunn av det har etaten hatt eit betydeleg overforbruk, men årsaken er nokså kompleks då det kan sjå ut som om ramma generelt er låg. Det er heilt nødvendig at etaten gjer ei grundig jobb med å få gjennomgått budsjettetramma, for å få eit realistisk budsjett.

I inneværende budsjettår er det i tillegg redusert 0,4 stilling i psykisk helse.


Høgt sjukefråvær er og med på å auke utgiftene i sin heilskap.

6.2. Årsverk og stillingar

Planområde 3 har 93,22 årsverk fordela på 138 tilsette.

Gjennom 2017 har etaten spart 4,65 årsverk på institusjon, 3,26 stilling i heimetenesta og 0,4 i psykisk helseteneste. Totalt utgjer det ei innsparing på 8,31 stillingar i etaten. Etaten har gjennom året tatt del i nettverket Nytt Blikk, som avsluttas hausten 2017. Prosjektet si målsetjing har vore å laga systematiske strategiar for å hindra uynskt deltid, samt å vurdere ulike turnusordningar som kan vera med på å styre behovet for tenestane i større grad enn i dag. Det viser seg at den gjennomsnittlege stillingsstorleiken i Tokke kommune er relativt høg, jamført med andre i nettverket. Det er gjennomført lokale undersøkingar som syner at dei aller fleste tilsette i helse og omsorgsetaten ikkje har uynskt deltid.

Gjennomsnittlig stillingsstørrelse i ulike kommuner. Alle.



6.3. Status og utfordringar

Helsedirektoratet sine satsingsområde for åra som kjem er «Nærhet og helhet» «Omsorg 2020». Satsing på eigenomsorg fortsett, samtidig som det er signalisert at kommunane bør satse på gode butilbod for alle typar av brukarar. Samhandling mellom speisalisthelsetenesta og kommunane er viktigare enn nokon sinne. Det er fyrst no vi ser dei reelle konsekvensane av samhandlingsreforma. Vi tek kvar veke imot pasientar som før var var å sjå på som «ikkje ferdigbehandla» av sjukehuset. Det gjer at krava til kompetanseuke innanfor blandt anna behandling og bemanning aukar i enno større grad enn tidlegare.

Helse og omsorgsetaten har arbeidd med reduksjon av bemanninga gjennom fleire år, samtidig som det har vore arbeidd med utvikling i fagområda og i tenestetilboden. I tillegg har det vore gjennomført eit arbeid med omorganisering av avdelingane. Etaten har gjennom året arbeidd med å rekruttere leiar for helseavdelinga, utan hell. Det har gjeve redusert kapasitet i administrasjonen, noko som gjer at gjennomføringsevna ikkje er god nok innanfor viktige område som økonomioppfylging, planarbeid, systemarbeid osv.

Avdelingane har gjort ei stor jobb gjennom året for å gjennomføre reduksjonar og endringar i tenestane. Institusjonen har redusert sjukeheimslassar og arbeider vidare med endringar i tenestetilboden. Reduksjon av personale er gjennomført på dag og kveld. Det er grunn til å vurdere bemanning på natt etter kvart, for å sjå om det kan vera med på å jamne ut belastinga på personale noko. Det er stort fokus på registrering av avvik og tett oppfylging i forhold til forsvarleg bemanning. Spesielt kreyjande er demensomsorga. Nokon av brukarane må fot fylgjes og det krev store ressursar. Når pasientane blir dårlagare og har trøng for meir oppfylging enn før, så vil og behovet for personale auke.

Heimetenesta opplever ein travlare kvardag både gjennom reduksjonen av personale, men og gjennom ei auke i heimebuande pasientar, når institusjonslassane no er redusert. Vi ser at færre plassar på institusjon betyr at det er vanskeleg for menneske med eit høgt pleie/omsorgsbehov og få sjukeheimslass. Resultatet av dette er at omsorgssenteret får meir funksjon som ein sjukeheim. Det kan sjå ut som om reduksjonen innanfor framfor alt heimehjelp på 0,5 stilling er i det aller høgaste laget. I tillegg er det usikkert kor lenge vi kan halde fram med 2 pleiepersonell pr. vakt i heimesjukepleia og på omsorgssenteret i helgene. Fleire helger har det vore nødvendig å leige inn ein ekstra på tidlegvakt, eit menneske som har veksla mellom å arbeide inne på omsorgssenteret og ute i heimesjukepleia.


Det er ein tøff kvardag for tilsette i både institusjon og i heimetenesta - omstilling er krevjande. Bemanninga kan ikkje reduseras meir utan at det blir større konsekvensar for brukarsikring og belastinga blir for stor for personalet. Det blir viktig å evaluere reduksjon i tenestane jamleg for å korrigere både bemanning og tenestetildeling.


Mat er eit viktig element for brukarar av tenestane. Det er starta eit arbeid med å forbetre tidspunkt for måltider med mål om å starta ei ny ordning i løpet av året. Avdelinga har og merka at fleira pasientar bur heime og bestiller meir mat. Spesialmat og diettar aukar og det blir meir tidskrevjande på alle område. Kjøkkenet på Tokke helsecenter har trøng for ei stor oppussing. Eit forprosjekt bør starte i løpet av 2018.

Åheim bufellesskap har det seiste året arbeidd for å få til eit lokalt aktivitetstilbod på dag, for to av brukarane deira. Målet med satsinga er å skape gode lokale tilbod for brukarar og skape aktivitet i lokalmiljøet. Det er ynskjeleg å utvikle det lokale tilbodet vidare med fleire brukarar. Det er meldt ei auke i tenestar for ein brukar med store omsorgsbehov frå vår 2018. Denne auken ser ut å komme innanfor Resurskrevjande brukarar.

Statistikk frå dei siste to åra, 2015 – 2016, synar at Tokke kommune har redusert utgifter i både heimetenesta og i institusjon. I tillegg ligg Tokke kommune lågare enn andre kommunar i Vest Telemark.


Det vil ikkje vera rom for ytterlegare reduksjon i omsorgstenesta, utan at det vil gå ut over fageleg forsvarlegheit slik situasjonen er per i dag.





Tildelingskontoret er etablert og etaten er svært nøgd med korleis det blir arbeidd med tildeling av tenestar. Kvalitet, profesjonalitet og samarbeid rundt brukarar har auka i stor grad. Brukarane har no eit kontor og eit menneskje å vende seg til, noko som er med på å fremje kontinuitet og forutsigbarheit. Fram til september i år er det laga 350 enkeltvedtak på tildelingskontoret. Det blir sendt ut meldingar frå sjukehuset kvar dag, desse må Tokke kommune ta imot. Samarbeid mellom kommune og spesialisthelseteneste er viktigare enn nokon sinne. Spesielt for brukarar med store omsorgsbehov og lange sjukdomsforløp. Tildelingskontoret har og vore med på å vidareutvikle kvaliteten i dokumentasjonssystemet PROFIL. At tildelingskontoret er stengt ein dag per veka er med på å svekke tenesta og kontinuiteten i samarbeid med sjukehus og samarbeidspartar og ikkje minst brukarar.

Helsetenestane var i KS kommunebarometer kåra til nr 1 i Noreg. Avdelinga har lukkas med rekruttering av fagpersonell og det viser seg i gode tenester. Tokke kommune ligg blant dei med høgast andel psykiatriske sjukepleiarar i landet. Desse er fordelt i heile etaten. Det vert arbeidd strukturert med førebygging i alle delar av helsetenestane. Seiste halvår er dei kommunale fysioterapiresursane auka. Det vil vera eit ledd i styrking av det førebyggjande arbeidet vidare. Både gjennom arbeid med kvardagmeistring, frisklivsarbeid og med born og unge.



Tokke kommune har litt større utgifter til helsetenestene. Noko av forklaringa ligg i organisering av legevakt, som er annleis for Tokke – Vinje enn dei andre Vest Telemark kommunane. Kvaliteten på tenestane er høg og gjennomføringsevne er stor i til døme oppfølging av vaksinasjonsprogrammet, oppfølging av gravide, fastlegetenesta osv.

Nasjonalt har det vore stort fokus på legekompetanse og organisering av legevakt. Det er varsla endringar som stiller større krav til kommunane. Kompetansekravet om spesialisering innanfor allmennmedisin vil bli satt i verk frå 2020. Lang veg til sjukehus er med på å auke behov for utstyr til legetenesten. Ultralydapparat blir alt vanligare for å både bekrefte og avkrefte sjukdomstilstand. Det bør vurderas om det er rom for å lease eit ultralydapparat.

Dersom reduksjon i tenestene blir vurdert, så bør det i fyrste omgang vurderas om interkommunalt samarbeid kan vera eit alternativ, i staden for å kutte i enkeltstillingar i etaten. Dersom det er eit alternativ må reduksjon gå over tid.

Det er nyleg oppretta ei ny stilling som fysioterapeut, dersom denne blir kutta, så vil det ha konsekvensar for frisklivssentralen, frisklivstrening og arbeid med rehabilitering og kvardagsmeistring. Det ville vera svært uheldig med tanke på at kommunen satsar på at pasientar skal bu heime i eiga bustad så lenge som råd.

Helsesystertenesta ligg i dag akkurat innanfor norma i veiledar for helsestasjon og skulehelsetenesta. Ved reduksjon innan området vil det gå ut over skulehelseteneste, og individuell oppfølging som er utanom helsestasjonsprogrammet. Det er ei stor nasjonal satsing på auke av helseøsterresursar i kommunane.

Psykisk helseteneste vart redusert i 2016 og 2017. Ytterlegare kutt i tenesta vil gå ut over kronikarar og oppgåververt flytt over til heimetesta, som allereie i dag har stor belasting. Kutt vil og gå ut over oppfølging av born og unge gjennom redusert tilbod på skulane.

Kutt i legetenesta kan ikkje gjennomførast slik som tenesta er organisert per i dag. På lik linje med dei andre helsetenestane så vert det anbefalt å vurdere samarbeid med andre kommunar om legeteneste og legekontor i fyrste omgang, dersom det er aktuelt med reduksjon. Ved kutt i legetenester vil og resterande helse og omsorgsteneste bli påverka gjennom eventuell fjerning av teneste geografisk. Samarbeid vil ikkje bli like enkelt som i dag. Konsekvensen av det ville føre til dårligare samhandling og redusert kvalitet i tenestane, samt mindre oppfylging av lege.

Kompetanseplanen i Tokke kommune er under revidering. Det vert stillt store krav til auka kompetanse innanfor dei store innsatsområda demens, rehabilitering, palliativ omsorg, luftvegssjukdomar og rus/psykisk helse som er prioriterte område.

Folkehelsebarometret syner at folkehelsa er god i kommunen. Tokke kommune ligg over landsnivået i behandling psykiske lidingar og muskel og skjelett lidingar, samt levekår som vidaregåande eller høgare utdanning. Utfordringsområda er blandt anna ein høg andel unge uføre.

6.3.2. Utfordringar og fokusområde

- ✓ Rådmann vil fortsette arbeidet med å styrke satsinga på tenestar som skal bidra til at innbyggjarar med helse og omsorgsbehov skal kunne bu lengst mogleg heime. Dei store satsingsområda vil fortsatt vera demensomsorg, lindrande behandling og kvardagsmeistring. Det vil krevje nye arbeidsformer og auka pro -aktivt arbeid gjennom brukarmedverknad og informasjon til innbyggjarar.
- ✓ Åheim bufelleskap vil få behov for auka bemanning i løpet av året. Det er behov for å endre nattenesta som i dag er delvis kvilande nattevakt til våken nattevakt. Dette vil koma innanfor ramma for resurskrevjande brukarar og vil ikkje ha effekt på budsjettetramma.
- ✓ Vidareutvikling av frisklivsarbeid og frisklivssentralen blir viktig framover, gjennom auka læring og meistringstilbod. Arbeid med gode dagtilbod for innbyggjarar held fram. Møtepunkt og aktivitet i kvar dagen er med på å halde folk friske og gje auka livskvalitet.
- ✓ Den viktigaste resursen helse og omsorgsetaten har er personale. Det er svært viktig å behalde og rekruttere personale. Gjennom dei siste to åra har etaten vore med i nettverket Nytt Blikk. Det er eit arbeid som skal bidra til god arbeidsgjever politikk. Frå desember 2017 vil institusjonen starta opp med eit prosjekt med årsturnus, der tilsette frivillig jobbar fleire helger enn 3. kvar helg. Prosjektet vil gå over 1 år. Tilsette som jobbar ekstra helger gjennom året vil få ei ekstra godsgjersle for helger dei tar på seg i perioden. Dette må leggas in i budsjettetramma for 2018. Dette har ei kostnad på kr. 55 000 + sosiale utgifter.

Det er vedteke eit rekrutteringstillegg for sjukepleiar natt, som har hatt god effekt. Dette må leggas in i budsjettet vidare. Dette betyr ei auke ramme på kr. 113.000 + sosiale utgifter.

Det bør og vurderas om det skal opprettas eit rekrutteringstillegg for sjukepleiarar og vernepleiarar, då det er vanskeleg å rekruttere fagfolk innan desse områda.

- ✓ Teknologi - Ny type av bustad/omsorgsbustad/institusjon Auka bruk av hjelpe midlar (velferdsteknologi) i eigen bustad, omsorgsbustad og for institusjon stiller større krav til tenestane og til personalet. Tokke helsecenter har trong for oppgradering av trådlaust nett som tilfredsstiller den reelle aktiviteten. Det gjev både

økonomiske utfordringar og utfordringar knytt til digitalisering og opplæring. Det bør settas av midlar for både innkjøp av utstyr og for utvikling av tenestar.

✓ Psykisk helse og rus

Gjennom dei siste åra har det vore ei styrka innsats innanfor psykisk helse og rus. Tokke kommune reduserte i psykisk helse 2017.

Dette er ei gruppe av brukarar som er ressurs- og tidkrevjande for heile helse og omsorgstenesta.

✓ Kompetanse og kvalitet – ein fagleg sterk teneste er viktigare enn nokon gong.

Tydelegare og sterkare fokus på fagutvikling blir enno viktigare når vi skal ivareta sjukare pasientar som kjem heim frå sjukehus tidligare enn før. Nasjonal styring og styrking av pasientrettigheitar er og med på å stille større krav på tenestane og på lokal kompetanse hos personalet.

✓ Leiing i fokus. 2017 kom ei ny forskrift som stiller auka krav til kvalitetsleiing i helse og omsorgstenesta. I tillegg vil leiing vera viktig for å gjennomføre og nå både økonomiske og faglige vedtak.

Etaten har ikkje lukkas med å rekruttere avdelingsleiar for helse og omsorgsetaten. Det er vanskeleg å få rekruttert kompetente leiararar. Ein av grunnene til det er nok at stillinga er redusert. Det bør vurderas om det er rom for å auke stillinga med 40 % stilling for å få ei 100 % fast stilling som leiar i helseavdelinga.

✓ Øyeblikkelig hjelp, legevakt og styrking av heimetenesta

Det har vore ei nasjonal satsing på legevakt Norge dei seista åra. Det blir stilt nye krav til legar som skal ta del i legevakt. Alle legar som deltek i legevakt må frå mai 2020 vera spesialist i allmenn medisin. Dersom dei ikkje er det, så må dei ha bakvakt. Dette vil stille nye krav til tenestane og til administrering rundt legetenesta.

Utviklinga tilseier og at heimetenesta skal brukas i større grad enn det som blir gjort i dag, noko som stiller større krav til kompetanse i tenestane.

Det er behov for ei styrka økonomisk innsats for eit kompetanseløft i etaten.

✓ Dei siste åra har tenestane vent meir mot førebygging og tidlig innsats for barn og unge.

Nasjonal satsing på helsesøsterenesta har ikkje vart prioritert i Tokke kommune dei siste åra. Gjennom integreringstilskottet var det opprette ei 30 % prosjektstilling i 2017. Det bør vurderas om det er rom for å utvide prosjektstillinga som helsesøster knytt til integrering med 20 % stilling.

Frå 2020 er det pålagt med psykologteneste i kommunane. I Vest Telemark er det etablert eit samarbeid mellom kommunar for å rekruttere psykolog som byrjar allereie i 2018.

✓ Den økonomiske situasjonen i kommunen har tvinga fram innkjøpsstopp gjennom fleire år og har skapt ei situasjon der behovet for innkjøp av inventar og ustyr er stort. Her treng etaten eit eingongs beløp for å komme ajour.

✓ På tildelingskontoret blir det skrive 350 – 400 enkeltvedtak per år. Stillinga i dag på 80 % gjer at det ikkje er bemanna alle dagar i veka. Stillinga er svært vanskeleg å kombinere med andre stillingar, då fri før og etter helg vil vera med på å «tære» på tida på kontoret. Det bør vurderas om det er rom for ei auke på 20 % stilling.

- ✓ Prøveprosjekt med alternativ turnus. Gjennom Nytt Blikk jobbar etaten med å auke fokus på pasientens behov og at personale skal vera med å utarbeide sin eigen turnus. Det krev ein innsats for å få dekke helgevaktene som er vakante i dag. Den nye turnusen vil vera med på å auke kvaliteten for pasientane og aukegjere det meir forutsigbart både for pasientar og personale.

6.4. Mål i handlingsprogramperioden

Mål nr.	Utfordringar og tiltak	Mål
6.4.1.	Økonomi og resursbruk Strategi for oppfølging av rekneskap og budsjett. Innføring av nødvendige verktøy for oppfølging	Realistisk budsjett for helse og omsorgsetaten Budsjettbalanse
6.4.2	Utviklingsmål Vidareutvikle tenestetilbodet : Dagtilbod Spesielt fokus på dagaktivitet for brukarar og pårørande med demens Fortsatt fagutvikling og styrking av fagteam Innføring Mobil Omsorg Utvikle velferdsteknologiske løysingar for både heimebruk og på institusjon	Differensierte fagretta dagaktivitetstilbod for både heimebuande og buande på institusjon. Ei sterk og fagretta teneste med god fageleg kvalitet Gode verktøy for å sikra kvalitet i tenestane Sikra gode tenestar og gode løysingar som kan gje avlasting for personalet
6.4.3	Kvalitetsmål Revisjon kvalitetsprosedyrar Brukarundersøking og brukarmedverknad	God praksis og god kvalitet på tenestane Auka brukar og pårørande deltaking i utvikling av tenestane

6.5 Investeringar

Oppgradering av bad er ei rehabilitering av eksisterande og nye bad knytt til pasientrom. Desse er ikkje gjort noko med på svært lenge og ein del er også lite funksjonelle. Det er snakk om opp til 20 baderom.

Det er eit ynskje om å få pussa opp det store felles baderommet på institusjon og kaupe in eit badekar, for å kunna bruka det til pasientar med sårproblematikk, reumatikar og pasientar med hudproblem til døme psoriasis.

Hovudkjøkenet på helseenteret er gammalt og lite funksjonelt i høve dagens produksjon. Det er snakk om ombygging innan eksisterande kjøken slik at det både vert meir funksjonelt og stettar dagens krav frå tilsynsmyndighetane. Me må først ha eit forprosjekt og finne passande løysingar.

Behovet for garasje for heimetenesta er fortsatt aktuelt . Bilene på heimetenesta står ute året rundt. Med eit garasje vil personale bli spart mykje arbeid vintertid og bilene ville vart spart for slitasje.

Mobil omsorg er eit fellesprosjekt for Vest-Telemark kommunane. Kostnader knytt til løysing og programvare finansierast av dette samarbeidet. Kommunens kostnader er knytt til nødvendig utstyr og tilpassingar lokalt. Dette er eit system for enklare oppfølging av den enkelte klient i heimen.

Trådlaust nett på helseenteret er ustabilt og har for liten kapasitet både for klientar og tilsette. Ei stabil og driftssikker plattform for IKT er svært viktig for både persoanle og pasientar. Mange av velferdsteknologiske løysingar er basera på eit stabilt nett. Den løysinga som ligg til grunn i dag går ikkje å byggje ut i større grad. Det vil framover vera behov for ei heilt ny løysing for å fylge med i utviklinga.

Opprusting av helseenteret utvendig er etter kvart heilt nødvendig. Det er også trond for å sjå på ENØK tiltak i same omgang.

Branntavlene på helseenteret er gamle og utdaterte. Det er ikkje mogleg å få support og reservedelar til desse lenger.

Utstyr innan helse og omsorg treng sårt ei oppgradering. Det er til dømes ikkje bytt senger dei seiste 10 åra. Det er også sårt tiltrengt å ha brannlaken i sengene for evakuering, Kostnadane er ca. 20.000,- pr. seng. Det trengs ein plan for utskifting og supplering av utstyr.

Ved Åheim bufelleskap er det trond for lagerplass til utstyr og ein må sjå på korleis dette kan løysast.

Lokala der tannlekjaren heldt til står tome og ein må sjå korleis desse kan nyttast. Det er i fyrste omgang trond for eit forprosjekt der ein ser på lokala og korleis dei bør nyttast.

Garasje/verkstad Babu er lager og «produksjonslokale» for særleg tilrettelagte tiltak for klientar på Åheim. Ein vel å synleggjera behovet etter at ein sette i gang tiltak i eigen regi. Foreløpig nyttar ein lokale ved «ABB» bygget.

7. Planområde 4 Plan, næring og teknisk

7.1. Økonomi

Planområde 4 har ei nettoramme for 2018 på kr 25 490 000.

7.2. Arbeidsområde og funksjon, årsverk og stillingar

Etatsleiar er øvste leiar for administrasjonen, 100% stilling.

Plan og næring:

Plan og næringsområdet har 4 årsverk som direkte lagt til etatsleiar: Byggjesak 100%, kart/oppmåling 100%, landbruk 100%, reiseliv 100%. I tillegg har vi budsjett på omlag 100 000,- til innleige turistkontor og 150 000,- til sysselsetjingsarbeid for skuleungdom. Jaktkorps har eit budsjett på 80 000,-.

Teknisk etat hadde 34 årsverk i budsjettet for 2017 (20,6 stillingar) og ligg inne med 32 årsverk (22 stillingar) som grunnlag for budsjett 2018. 2,6 årsverk (3 stillingar) på etaten står vakant. Vi har ei konsulentstilling i 100% på administrasjon.

Uteavdeling:

Arbeidsformann i 100% stilling er avdelingsleiar og har ansvaret for dagleg drift av bygningar og anlegg, og koordinering av driftsmannskap knytt til dette. Avdelinga har 12 tilsette, fordela på 11 årsverk.

Eigedomsforvaltning:

Eigedomsforvaltar i 100% stilling er avdelingsleiar og dekker fagfelta reinhald og byggforvaltning. På reinhald er det 16 tilsette fordala på 14,3 årsverk årsverk. Brann har 16 stillingar på 1,4%, totalt 0,224 årsverk.

Vatn og avlaup:

VVA – ingeniør i 100% stilling er avdelingsleiar og dekker fagområda veg, vatn og avlaup. Avdelinga har i tillegg 4 årsverk fordala på 4 tilsette. Avdelinga tek mykje vedlikehald og investeringsprosjekt i eigen regi. Opptrapping av V/A – gebyr opp til sjølvkost er gjennomført i 2017. Gebyrnivået må frametter følgje prisveksten.

Renovasjon og slamtøming:

Renovest jobbar for tida med endring av lokal føresegn for innsamling og handsaming av hushaldsavfall, tøming av slamskiljar m.m. og for avfallsgebyr, som følgje av naudsynte og lovpålagede tilpassingar. Eiga sak vil kome på dette i kommunestyret etter høyring av føreskrifta. Endringa vil truleg føre til lågare gebyr for hushaldningar, og ei auke i hytterenovasjon.

Politisk organisering:

Utviklingsutvalet (UTU) handsamar saker innafor områda teknisk drift, byggjesak, reiseliv og landbruk. Formannskapet som næringsutval og planutval handsamar saker knytt til sal av næringsareal, samt plansaker - reguleringsplanar, kommunedelplan m.m. Formannskapet si rolle som planutval er føreslege endra i sak om politisk struktur (haust 2018).

7.3. Utfordringar

Etter fleire år med innsparingar har PNT – etaten lite midlar tilgjengeleg på driftsbudsjettet. Ny struktur og viktige fagstillingar er no på plass, og har gjort det mogleg å få fagleg fokus på utfordringar og løysingar frametter. Utfordringa er no å stabilisere driftsnivået i høve til naudsynte tenestar og drift. Midlar til vedlikehald av t.d. bygg og vegar må avspegle dei faktiske tilhøva: Vi har

62 km kommunal veg og eit stort tal på kommunale bygg med dels stor vedlikehaldsetterslep. Innan landbruksområdet har vi så lite ressursar at vi knapt klarer å ha ein forsvarleg teneste innan lovforvaltning og tilskottssaker på dei store fagområda ei stilling dekker. Dette påpeika Fylkesmannen òg etter tilsyn i 2015. Budsjettarbeidet siste åra har ikkje gjeve opning for å få midlar til dette.

Plan: Gebyrinntekter frå kart- og oppmåling utgjer årleg omlag kr 600 000, byggjesak 250 000 og plan 50 – 100 000 , totalt om lag 900 000. Desse kan variere ein del frå år til år og er nå budsjettert relativt høgt. Fagressursane blir brukta på tvers mot teknisk drift, med byggprosjektering, planlegging av næringsareal med V/A – omlegging, oppmåling og kartfesting av anlegg, forvaltning av næringsareal, bustadtomter m.m.

Det er i gang ny nasjonal kartlegging av alle kommunar i landet i regi av Statens kartverk (laserskanning 2 pkt/m²). I samband med dette har vi inngått ei fireårig geovekst-avtale med kartverket: Nykartlegging av standard FKB-B av ca 241 km² (ca 5000 bygg), nykartlegging av FKB-C av ca 542 km² (ca 1470 bygg), flyfotografering/datainnsamling med digital sensor, GSD 10cm, Farge, sideoverlapp 20, lengdeoverlapp 60. Periodisk ajourhald av AR5 av hele kommunen. Kostnaden er på 768 000,- fordela på 4 år 2017 – 2020. Utgiftene er søkt dekt innafor ramma til ansvar 460 kart/oppmåling.

Planstrategien har prioritert planarbeid på Dalen. Det vil vere behov for innleige av plankapasitet for å gjennomføre omfattande reguleringsplanarbeid som dette. Vi er i gang med å søkje eksterne midlar for å starte prosessen med tanke på å få til attraktive, vassnære bustadomter som første del av dette arbeidet.

Næring:

Av totalt omlag 7,3 mill i årlege konsesjonsavgiftsinntekter i Tokke, som primært skal gå til næringsføremål, vert 3,3 sett av til næring: 1,5 til næringstilskot, 0,5 til landbrukstilskot og resten til næringsarbeid inkl. reiseliv. Resten av konsesjonsavgiftsinntektene går til nedbetaling av lån, 4 mill (2017 – tal).

Landbruksforvaltninga mottek om lag 1,0 mill årleg i rammeoverføringane frå staten (i 2016 1,5 mill). Landbruksjefen dekker fagområda som det ikkje er mogleg aleine å handtere korkje fagmessig eller i høve kapasitet. Dette har ført til at det over fleire åra er nedprioritert delar av fagfelta. For å halde opp desse oppe tenestane i eigeregi, må vi ha meir kapasitet.

Etatsleiar er i dag einaste administrative næringsressursen, sett vekk frå reiseliv og landbruk. Dersom vi skal ha kapasitet til å arbeide utadretta med næringsarbeid, drive næringsprosjekt, ha nær dialog med eksisterande næringsliv, drive oppsøkande arbeid for nyetableringar, osv., må Tokke kommune ha administrative ressursar til det.

Ny organisering og finansiering av Visit Telemark er avklara og inneber ei auka utgift for Tokke kommune på 85 000,-. Dette er marknadsapparatet vårt, som vi er avhengige av å vere med på. Tokke har eit godt tenestenivå på reiselivsområdet, noko som har vore høgt prioritert politisk. Vi har hatt ei auke av arbeidsplassar knytt til «besøksverksemder» og det er eit av områda nasjonalt som blir sett på som vekstnæring. Det er viktig at vi klare å halde oppe aktiviteten og fokuset på dette.

Faste utbetalingar Næringsstiltak:

Telemarkskanalen Regionalpark	207 000,-
Skien – Dalen Skipsselskap	100 000,-
Henrik Ibsen	100 000,-
Telemark Interkommunale Næringsselskap (TIN)	94 000,-
Skafsaheia Løypelag (årleg tilskot jfr avtale om drift)	120 000,-
Dalsmarken	30 000,-
Tokke Båtlag	21 000,-
Tilskot marknadstiltak (Næringsamskipnad)	65 000,-
Haukelivegen AS	22 500,-
TOTALT, næring	741 500,-

Vurdering av stilling som næringsrådgjevar og organisering av ei slik stilling i organisasjonen

Bakgrunn for utgreiinga er vedtak i samband med sak om samanslåing av etatane Plan/ næring og teknisk.

Vedtak kommunestyret 20.06.17, sak 17/37

4. *Etaten vert avlasta frå si fagrolle ved at ein ser på korleis ein kan styrke næringsarbeidet gjennom å vurdere ei stilling som næringsrådgjevar. Ei slik stilling bør ein vurdere om skal ligge direkte under rådmannen og vere ei prosjektstilling. Dette kjem ein attende til i eiga sak under kommunestyret si endelige handsaming av budsjettet.*

Behov for auka administrative ressursar til næringsarbeid:

Etter omorganiseringar i 2012 (utviklingsetat – etterkvar plan-, næring- og kultur), gjekk den reine næringssjefstillinga inn i etatsleiarstillinga. Jordbruksjefstillinga gjekk på same tid inn i skogbrukssjefstillinga. Dei administrative næringressursane i Tokke kommune gjekk med andre vesentleg ned.

Dåverande kulturhusleiar heldt fram med å jobbe med delar av sine tidlegare oppgåver innan næring, slik som oppfølging av arbeid med kanalen, Dalen+ prosjektet, utbygging av vassfronten/ bryggja og ein del sakshandsaming/ enkeltsaker. Etatsleiar tok arbeidet med større plan- og næringssaker, vest – Telemarksamarbeid innan næring, arbeid knytt til utvikling av næringssareal, leiing av diverse møte og utviklingsprosjekt med næringsslivet, arbeid med etablering av næringshage m.m.

Innhald i stilling

Trongen for meir ressursar til utadretta næringsarbeid i organisasjonen, har vore knytt til dei avgrensa ressursane etatsleiar har, og har hatt siste åra på dette. Det har òg vore peika på betydelege konsesjonsavgiftsmidlar som kommunen tek i mot kvart år, og der største delen går til nedbetaling av lån – ikkje direkte til næringsarbeid. Næringsarbeidet i Tokke utgjer mange faste oppgåver, som kommunen har prioritert over mange år. I tillegg til dette, er det ynskjeleg med større næringssapparat for å m.a.:

- Kunne satse meir på utadretta næringsarbeid: Oppsøkande verksemnd mot etablert næringsliv i kommunen/ bedriftsbesøk
- Oppsøkande verksemnd for å få til nyetableringar i eksisterande næringslokale og næringsareal
- Ta ei meir aktiv roller i det regionale næringsarbeidet, jfr satsingar i kommuneplanen
- Pådrivar for å få til ei Grunderkultur, skape samarbeidsarenaer og jobbe aktivt med å halde næringsliv og potensielle grunderar informert om verkemiddelapparat.
- Nær dialog med statleg og fylkeskommunalt verkemiddelapparat for å søkje midlar til prosjekt og konkrete utviklingstiltak i næringslivet, t.d. regionale utviklingsmidlar (Fylkeskommunen) og Innovasjon Noreg sine ordningar.
- Ha kapasitet til å setje i gang nye satsingar, og søkje ekstern finansiering. Døme: Klimasatsingar – Sykkelsbygd Dalen.
- Ta den daglege drifta innan næring på oppfølging av årlege næringstilskot, sakshandsaming på næringssøknader.
- Omdømmebygging av næringslivet i Tokke og Tokke sine føremoner – også nedfelt i kommuneplanen; positiv profilering i media/ sosiale media, trekke merksemnd til Tokke kommune
- Vere i forkant av større saker, t.d. lokaliseringssaker med tankar på etablering av arbeidsplassar i Vest – Telemark, kunne arbeide i forkant.
- Arbeide med konkrete prospekt for sal av t.d. næringsareal i Tokke, slik som Høydalsmo, evt med ledige lokale for næring i kommunen – i nær dialog med huseigar.

Tilsetningsform

Arbeidsmiljølova har krav til mellombelse tilsetjingar:

§ 14-9. Midlertidig ansettelse

(1) Arbeidstaker skal ansettes fast. Avtale om midlertidig ansettelse kan likevel inngås:

- a) når arbeidet er av midlertidig karakter,
- b) for arbeid i stedet for en annen eller andre (vikariat),
- c) for praksisarbeid,
- d) med deltaker i arbeidsmarkedstiltak i regi av eller i samarbeid med arbeids- og velferdsetaten,
- e) med idrettsutøvere, idrettstrenere, dommere og andre ledere innen den organiserte idretten eller
- f) for en periode på inntil tolv måneder. Slike avtaler kan omfatte inntil 15 prosent av arbeidstakerne i virksomheten, avrundet oppover, likevel slik at det kan inngås avtale med minst én arbeidstaker.

Etter rådmannen sitt syn er oppgåvane som er tenkt ein næringsrådgjevar, knytt til dagleg drift og mange faste oppgåver, nettopp for å kunne følgje opp satsingane i overordna planverk og avlaste etatsleiar sine oppgåver i dag. Det vil difor ikkje vere naturleg å kalle dette ei prosjektstilling. Dersom meinингa i den politiske bestillinga er å knyte stillinga til eit konkret, tidsavgrensa prosjekt – slik som utvikling av industriarbeidshage i ABB – bygget, kunne dette ha vore aktuelt. Slik vi har forstått bestillinga, er meinингa bak stillinga å auka kapasiteten på næringsarbeidet i administrasjonen, og då er det snakk om ei ordinær stilling.

Mogleg ein kan tenke ein prøveperiode på eit år, for så å evaluere ordninga.

Plassering i organisasjonen:

Plan-, næring- og teknisk etat er nyleg slegen saman for å få til god ressursbruk mellom kryssande fagområde. Det er det viktig med tid og ressursar til leiing/ leiarutvikling, økonomistyring og planarbeid på alle nivå i den nye etaten. Det er viktig å frigjere ressursar frå etatsleiarstillinga for å kunne få til dette og for å få ein velfungerande etat.

Dersom ei næringsrådgjevarstilling skal organiserast direkte til rådmannen, vil det bli trekt vekk frå dei fagområda – og etaten som det fagleg sett hører til: Næringsarbeidet har mykje samarbeid og fellesområde med reiseliv og landbruk. Det kan nemnast utvikling av bryggjeområdet, utvikling og drift av anlegga på bryggja, der også teknisk/ eigedomsavdeling har ei viktig rolle – og der forvaltningsdelen kjem inn (freda anlegg).

Vidare er næring nært knytt til arbeidet med næringsareal, gjeldande og planlegging av nye, som det er tidlegare teknisk etat i samarbeid med oppmålingsingeniøren som har hand om. Oppfølging av overordna planarbeid og strategisk næringsarbeid som del av dette, er viktig å halde samla innan den etaten som har ansvaret for dette.

Ved å legg stillinga til rådmannens stab så vil ein kunne nytte ressursen friare med tanke på andre saker ved næringsarbeidet. Stillinga vil kanskje vera meir tilgjengeleg i miljøet rundt ordføraren, men må uansett vere koordinert av rådmannen. Det er uansett svært viktig med eit tett samarbeid.

Til rådmannen sin stab ligg det alt i dag ei stilling som er ein ressurs på tvers av etatar, og som arbeider litt mot næring – først og fremst utviklingsarbeid på Hallbjønnsekken. Rådmannen har med dette alt i dag ein tilgjengeleg ressurs som kan nyttast i sektorovergripande, overordna saker på tvers av fagområde.

Konsekvensen med å lage til ei eiga stilling direkte under rådmannen, kan vere at nettopp dei fortrinna rådmannen såg for seg med vedteken organisering, ikkje får verknad som tenkt. Næringsarbeidet kan bli polarisert og etaten si rolle innan næringsarbeid, meir uklar.

Etatsleiar på plan, næring og teknisk er den som tek overordna saker inn i leiargruppa og som koordinerer ulike fagfelt internt i etaten. Då er det viktig å ha oversikt over samla næringsarbeid.

Oppsummering

Næringsarbeidet er svært viktig for kommunen, det bekreftar kommunestyret med sitt vedtak. Administrasjonen er svært nøgd med at politikarane er pådrivarar for å sjå på løysingar for å styrke dette arbeidet. Det er viktig at uavhengig av plassering, så vil ein ha god nytte av ei slik styrking. Det blir bare vanskelegare framover å vere ein liten kommune og lokalt næringsliv må oppmuntrast til innsats.

Eigedomsforvaltning, byggforvaltning, veg, vatn og avlaup

Avhending av kommunale tenestebrygg: Mo alderspensjonat er selt. Alderspensjonat Åmdal Verk og Lårdal er framleis i kommunens eige. I Lårdal har vi 4 bygg med i alt 6 bueiningar og ei eining som husa bibliotek. Det har synt seg vanskeleg å få selt dette samla, og vi rår til at det vert lagt ein strategi

med tanke på omregulering av arealet for å få salbare einingar, dels fritid, dels bustad. Dette kjem som eiga sak.

Lårdal Vel har sendt inn søknad om kommunalt tilskot i tre år på 80 000 pr år + kommunale avgifter, totalt 139 500 pr år for å utvikle Skulebygget Eik til aktivitetsanlegg/ næringsbygg. Vi syns dette er eit positivt tiltak som kan fremje busetting og vekst i Lårdal. Dette vil innebere at ungdomshuset på bryggja i Lårdal vert ståande tomt. Kommunen er formell eigar av bygget, medan reell eigar har vore Lårdal vel og ungdomsklubben, som har stått for drift. Tomteleiga (2/4/3) er betalt av kommunen (25 000 årleg inkl. areal kring reinseanlegg og friluftsområde), som òg har teke på seg oppgradering etter vasslekkasje. Lårdal vel ynskjer framleis å ha hand om Ungdomshuset ved bryggja, for enten å kunne selje det eller ta det i bruk att etter den 3-årige prøvetida på Eik-bygget. Vi meiner det må setjast vilkår for eit tilskot, at eigartilhøva vert avklart, slik at kommunen ikkje blir verande med løpende utgifter både på Ungdomshuset og Eikbygget. Avklaring av dette må opp som eiga sak, men vi ynskjer å innstille på eit tilskot på totalt kr 100 000 årleg i tre år, der Lårdal vel sjølv dekkjer brøyting og straum, medan kommunen held fram med å betale festeavgift, kommunale avgifter og forsikring (totalt kring 30 000).

Det har kome ynskje om riving av Mo skule, det er kostnadsrekna til om lag kr 500 000 – dette er førebels ikkje funne rom for i driftsbudsjettet.

Kommunale vegar og byggforvaltning treng budsjettmidlar til vedlikehald, noko som nesten har vore fråverande etter innsparingar siste åra.

Investeringar:

Syner til tabell 2 når det gjeld summar. Kommunal del til utbygging av breiband, 1 mill 2018 og 1 mill 2019, vedtak k-sak 17/32.

Kjøp og opparbeiding – utviding av næringsareal Haugsevje og evt. opparbeiding næringsareal på Vistadmoen må jobbast med meir for å få fram kostnader.

Det er stort behov for utskifting av utstyr, samt oppgradering av bygningar og anlegg på teknisk sine område. Vi jobbar med å ajourføre maskinplan, V/A – plan, trafikksikringsplan, vegplan og vedlikehaldsplan, som vil ligge til grunn for prioriteringar av investeringar.

Ombygging av garderobebeanlegg m.m. brannstasjon: Må ha høgste prioritet grunna nye, nasjonale krav og pålegg frå Arbeidstilsynet.

Utskifting av takrenner og beising av eldre del på Tokke Helsecenter bør ha høg prioritet, alternativet er at tak og kledning om få år må skiftast i sin heilskap.

Kantslåttutstyret er frå 1986 og vil truleg ikkje halde ein sesong til, er inne som ein del av maskinplanen i tabell 2. Alternativet er innleige, noko som må dekkjast av driftsbudsjett, kr 100 000 pr år.

Kommunen har eit ansvar for areal til Raude krossen, etter at vi i si tid overtok Elvarheim og etter det selde Buøy camping med garasjen som dei brukta der. I dag leiger vi lagerareal for dei. Raude krossen har i tillegg lager i brannstasjonen og det er lagleg med ei samlokalisering i høve til noko felles utstyr,

møterom og funksjonar. På sikt bør det setjast opp eit eige kaldtlager ved brannstasjonen for å oppfylle avtala/pliktene vi har med Raude krossen.

I budsjettsak i juni vedtok kommunestyret å endre teksta på prosjekt Asfaltering av grendevegen i Eidsborg som låg inne med 1,4 mill i 2018 til generelle investeringsmidlar til opprusting av kommunale vegar. Vi rår til at summen blir fordela over fleire år, og prioriterast etter vegplan som leggjast fram for UTU. I tillegg bør det inn årlege investeringsmidlar på veg for å halde oppe vegstandard.

Rehabilitering av Vistad bru i Modalen – krav etter tilsyn/ klassifisering tømmertransport.

Ombygging av garderobeanlegg på kommuneverkstad har ikkje vore prioritert, men bør inn i investeringsplanen.

For å ferdigstille vognhallane i brannstasjonen i høve avtrekk for eksos og for å få ned driftsutgiftene i høve oppvarming er det ynskjeleg å sjå på dette i samband med ENØK tiltak elles. Det medfører at me treng ca. 600 000 på investeringsbudsjettet i 2019.

7.4 Mål i handlingsprogramperioden

Handlingsprogram - Planområde 4		
Mål nr.	Utfordring og tiltak	Mål
7.4.1	Starte arbeid med endring av reguleringsplan Dalen.	Leggje til rette attraktive areal for bustadbygging på Dalen.
7.4.2	Ferdigstille næringsareal Høydalsmo, avklare tomteprisar og profilere ferdig opparbeidde næringstomter for sal.	Attraktive næringsareal på Høydalsmo og Dalen for næringsetablering.
7.4.3	Oppgradering av brannstasjon etter utarbeidd plan med bakgrunn i pålegg frå Arbeidstilsynet.	Følgje opp pålegg, tilpasse brannstasjon etter nye krav og framtidig drift.
7.4.4	Leggje plan for ombygging/ auke kapasitetet på reinseanlegg Hallbjønnsekken. Resipientundersøking avsluttast okt 2017.	Auke kapasitet med tanke på å utvide utbyggingsområde med høg sanitærteknisk standard.
7.4.5	Stabilisere driftsnivå, halde stillingar vakante der det er mogleg. Utføre det ein kan av investeringsprosjekt i eigenregi.	Søkje å finne økonomisk handlingsrom for å frigje midlar til driftsbudsjett.

8 Kommunale avgifter og brukarbetaling

Tokke har på mange område låge avgifter og brukarbetalingssatsar, men dekningsgraden på vatn- og kloakk var over 100%, høvesvis 108,04 og 107,09% i 2016. I kroner utgjorde dette kr 655 000 som er avsett på sjølvkostfond. Dette må attendebetalast abonnentane innan 5 år og prisauken må såleis tilpassast dette.

8.1 Vatn, avløp og renovasjon

Budsjettframlegget inneber fylgjande:

1,5% auke i vass- og kloakkavgiftene i 2018. Avgiftene skal harmoniserast slik at avgiftene i hytteområde ikkje er høgare enn dei høgaste i kommunale bustadfelt. Avgifter for septiktøming og renovasjon fylgjer vedtaket i representantskapet i Renovest IKS. Det er rekna med full dekningsgrad i tråd med selskapsavtala.

8.2 Andre avgifter og brukarbetalingar

Feiing - brannsyn

Avgifta fylgjer vedtak i representantskapet i Vest-Telemark Brannvesen IKS og byggjer på full dekningsgrad.

Husleiger

For dei fleste kommunale bustadene blir satsane auka med konsumprisindeksen. Ved nye leigekontraktar vert det bare ein utleigepris, eventuelt subsidiering av husleige skal avtalast i arbeidskontrakt.

Pleie- og omsorg

Eigenbetalingane på heimetenester aukar med inntil 3 %. Prisane på mat frå kjøkkenet blir auka med inntil 3%. Betalingssatsar som er avhengig av statlege og andre retningsliner blir justert til det som lovverket gjev høve til.

Skule og barnehage

Satsane for grupper i kulturskulen for dei over 18 år blir auka med 3%, satsane blir elles ikkje auka i 2018. Me er prisleiande i Vest-Telemark. Satsane for barnehagebetaling vert endra i tråd med dei statlege føringane. Maksprisen er i statsbudsjettet auka med kr 110 til kr 2 910 (3,9%). For skule-/fritidsordninga blir satsane auka med inntil 3%.

Teknisk etat , plan- og næringsetaten

Det er underdekning på byggesaksgebyr, oppmålingsgebyr og plangebyr. Det blir lagt opp til ca 3% auke i 2018.

9 Fond og gjeld

Fond

Dispositionsfonda har minka mykje dei seinare åra, men blir tilført nye midlar i 2017. Det er nå disponibelt om lag kr 13 mill. kr. – dette er minst 4 mill. kr for lite.

Gjeld

Ved utgangen av året 2017 vil me ha 158 mill kr i gjeld. Dette utgjer kr 71 000 pr innbyggjar i 2018.

10 Budsjettvedtak

1. Budsjett 2018, handlingsprogram og økonomiplan 2018-2021.

